



Menneskesyn i litteraturen

Med eksempel frå romanen «Lord of the Flies»

Halldis Pollen

Copyright 2020 © Halldis Pollen og Egill Danielsen Stiftelse. Noen rettigheter reservert.

Dette heftet er tilgjengelig under Creative Commons-lisensen CC BY-NC-ND (Navngivelse-Ikkekommer-siell-Ingen bearbeidelser 4.0 Internasjonal) jf. <https://creativecommons.org/licenses/by-nc-nd/4.0/>. All bruk skal skje under denne lisensen.

Lisensen innebærer i korte trekk følgende:

1. Du kan bruke, kopiere og redistribuere artikkelen i ethvert medium og ethvert format.
2. Forfatteren skal alltid krediteres.
3. Det skal alltid oppgis lenke til Creative Commons-lisensen artikkelen er publisert under (se lenke over).
4. Artikkelen eller deler av den kan ikke brukes til kommersielle formål.
5. Du kan ikke distribuere omarbeidede versjoner av artikkelen.

Rettigheter foto og illustrasjoner: Se side 15.

Tilrettelegging og grafisk utforming: Dag-Askild Bleka.

Denne artikkelen ble først publisert i

Torgeir Flateby (red.): Tydelig kristen skole. Artikkelsamling ved 25-årsjubileet til Kristne Friskolers Forbund i 2013. Lunde Forlag.

Gjengitt med tillatelse fra Kristne Friskolers Forbund, Lunde Forlag og forfatteren.

Utgitt 2020 av
Egill Danielsen Stiftelse
Nygaten 8
5017 Bergen
www.danielsen-skoler.no

Henvendelser om denne artikkelen eller om
artikkelserien kan rettes til
dag.askild.bleka@danielsen-skoler.no



Halldis Pollen


Menneskesyn i litteraturen

Med eksempel frå romanen
«*Lord of the Flies*»

I september 2011 skulle elevane mine i Internasjonal engelsk (Vg2 studieretningsfag) gå i gang med *Lord of the Flies* av William Golding.¹ Romanen handlar om ei gruppe britiske skulegutar som under evakuering i ein framtidig tredje verdskrig overlever eit flyangrep. Dei hamnar på ei folketom tropeøy, der dei siviliserte gutane etter kvart blir eit massesamfunn leia av ein maktglad 12–14-åring, som i kaldt blod drep dei som truar posisjonen hans. Rundt han er lydige eksekutørar, som av frykt og spenning blir med i valdshandlingane. Boka er dyster. Ei optimistisk tru på mennesket og sivilisasjon blir i fiksjonsform sett under debatt.

For klassen min – og for alle oss andre – hadde hendingane på ei verkeleg øy i Noreg to månader tidlegare skapt eit nytt alvor. Korleis kan nokon med utgangspunkt i ideologi finne på å skyte forsvarslause ungdomar, som altså har kome saman også av ideologiske grunnar? Kva motiv kan eit slikt menneske ha? Boka gav oss ein felles arena for å drøfte ikkje berre generelt kven mennesket er, og kva potensial som bur i oss, men vondskap manifestert i røyndom, som på Utøya.

William Golding



KVA SIKTEMÅL KAN LITTERATUR- UNDERVISNING HA PÅ EIN KRISTEN SKULE?

Kva vil det seie å integrere tru og fag i ein slik undervisningssituasjon? Korleis kan og bør ein kristen lærar nærme seg litteratur generelt og denne litteraturen spesielt? Kva siktemål kan litteraturundervisning ha på ein kristen skule? Skal me sjå etter eit moralsk føredøme i personane i fiksjonen? Bør verket ha ein klar etisk profil? Eller er det primære å få til ein god klassesamtale omkring det me les? Desse og liknande spørsmål lyt ein stille før ein går i gang med eit slikt leseprosjekt.

Romanlesing er definitivt eit høve til å integrere tru og fag.

Ein vanleg bruk av litteratur er å leite etter personar som modellerer positive kvalitetar. Yngre elevar, særleg dei, likar personar som demonstrerer mot, styrke og omsorg, til dømes. Når borna blir tenåringar, verkar heltane i litteraturen kanskje klisjeaktige og utan kontakt med det levde livet. Litteraturen må no vise at røyndomen er meir kompleks og personane meir samansette enn det lesarane var i stand til å oppfatte tidlegare.

For ikkje mange tiår sidan var diskusjonen om god kristen litteratur levande, både internt i konservative miljø og i det offentlege rommet. Det fanst til dømes alternative kristne romanar, med klare heltar og antiheltar og eit fiksjonsunivers der Guds nærver var tydeleg i både einskildpersonar og samfunn. Kritikken mot slike romanar var hard: sjablongpersonar, ei forenkla framstilling av kampen mellom det gode og det vonde, utopia heller enn liv. I vår tid har mediasamfunnet blitt premissleverandør også i kristne kretsar. Sekularisering og individualisme, for å nemne dei kanskje viktigaste styringsmekanismane i det postmoderne samfunnet, gjev oss rammene for liv og livsutfalding. Den alternative kristne kulturen har mista mykje av sin påverknad, også innan fag som litteratur.




Romanlesing er definitivt eit høve til å integrere tru og fag, sjølv om me kanskje ikkje kan og bør ta i bruk såkalla kristne romanar. Eg har altså valt *Lord of the Flies*, fyrst og fremst fordi det er god litteratur, men også fordi boka eignar seg godt på ein kristen vidaregåande skule. Her vil eg vise noko av det eg trur det går an å gjere av tru-fag-integrering med den konkrete romanen.

KAMPEN MELLOM DET VONDE OG DET GODE

Hovudpersonane i boka er Ralph, Piggy, Jack og Simon. Dei er omlag 10–14 år gamle. Ralph er uredd, sterk og demokratisk. Han veks inn i

ei moden leiarrolle, godt hjelpt av mobbeofferet Piggy, som intuitivt ser sant på situasjonen, både behova og farane. Jack er antihelten, ein valdeleg og fryktskapande leiar, gjerne ein ung versjon av Hitler og Stalin. Simon er ein god, oppofrande, modig gut, som endar opp med å bli drepen når han skal avsløre det gutane oppfattar som den store faren på øya: monstret i jungelen.



Eg trur ikkje me skal undervurdere behovet for forteljinga om kampen mellom det vonde og det gode.

Også tenåringselevar treng tydelege personar i eit fiksjonsunivers. Eg trur ikkje me skal undervurdere behovet for forteljinga om kampen mellom det vonde og det gode. Dette er eit sentraltema i litteraturen, og sjølv om den tidlegare omtala kristne fiksjonen kanskje har teke snarvegar i si handsaming av tematikken, så finst det også i ofte kyniske ungdommar klangbotn for denne.

Personane i nobelprisvinnar Golding si bok er skarpt attgjevne. Dei utviklar seg alle gjennom vårt møte med dei. Her har me truverdige personar som samstundes gjev lesaren høve til å sjå sant på ikkje berre kreftene i og rundt andre verdskrigen, men også på seinare hendingar.

Ikkje minst er Jack truverdig. Han viser korleis det vonde er kvar-dagsleg og banalt. Samstundes har det si eiga utvikling ved den tilslutning Jack får gjennom dei mindre gutane, som lever i stor frykt, både for han og for dei imaginære truslane på øya.


Samfunnet dei prøver å skape, misser ganske fort det ferniss av sivilisasjon som innlærte reglar og konvensjonar representerer. Gutane kjem ut av streng kostskuledisiplin, men utan dei vaksne som gjennomføringsinstans taper reglane verdi. Eit underliggjande lag i gutane kjem til syne. Og dette er sannsynlegvis Golding si tese nærast: Kva skjer med born som blir overlatne til seg sjølve, også på ei paradiso der mat og drikke er tilgjengeleg på alle kantar? Den som er kjend med vestleg kultur, vil sjølvsagt tenkje på Robinson Crusoe, som i ein liknande situasjon viste seg levedyktig ved hjelp av fornuft, minne og røymsler frå den

Tenåringselevar treng tydelege personar i eit fiksjonsunivers.



siviliserte kvardagen han kjende frå før. Og truleg skal me og bli minna om Rousseaus² optimisme på det naturlege mennesket sine vegner og hans pessimistiske syn på sivilisasjon og kultur. William Golding skreiv si bok like etter andre verdskrigen og reflekterer nok den naturlege villskapen verda hadde kjempa med då.

KVA HENDER MED OSS NÅR AUTORITETEN BLIR BORTE?



Den tsjekkiske forfattaren, dissidenten og statsleiaren Václav Havel (1936–2011) har sagt dette om identitet: «I believe that with the loss of God, man has lost a kind of absolute and universal system of coordinates, to which he could always relate anything, chiefly himself. His world and his personality gradually began to break up into separate, incoherent fragments corresponding to different, relative coordinates. And when this happened, man began to lose his inner identity, that is, his identity with himself. Along with it, of course, he lost a lot of other things, too, including a sense of his own continuity, a hierarchy of experience and values, and so on. It's as if we were playing for a number of different teams at once, each with different uniforms, and as though – and this is the main thing – we didn't know which one we ultimately belonged to, which of those teams was really ours.»³

Lord of the Flies viser korleis eit slikt tap av overordna autoritet artar seg for born i eit lukka samfunn. Kanskje ligg her eit av dei viktigaste tilknytningspunkta til vårt tru-fag-arbeid: Kva hender med oss når Autoriteten blir borte? Utviklinga i utøvd vondskap er her heilt logisk framstilt. Og vald og drap tek berre slutt når vaksenverda i form av ein britisk marineoffiser brått intervenserer i barneverda, etter at hans båt har blitt alarmert ved synet av den brennande øya.

KVA TEMA BLIR TEKNE OPP I PENSUMLITTERATUREN?

Ei gardering er på sin plass her. Mange av lærebøkene i bruk i språk- og litteraturfag i vidaregåande skule har ein underliggjande agenda som skal promoterast også ved hjelp av litteratur. For så vidt er det ikkje korrekt at den postmoderne røyndomen er utan bod og reglar. Her er mykje stoff som skal formidlast. Eg nemner nokre tema: antirasisme, vern av natur og ressursar, fridom og sjølvrealisering, likestilling, kritikk av undertrykkjande samfunnsmekanismar, aksept av minoritetar. Ei novelle kan til dømes vise korleis tvangsekteskap framleis blir praktisert i mange kulturar. Ei anna kan få fram ei oppleving av immigrantar sitt møte med eit ukjent majoritetssamfunn.

Det problematiske sett ifrå ein kristen-pedagogisk synsvinkel er ikkje fyrst og fremst dei gode sakene som skal fremjast. Kristent menneskesyn og etikk meiner også at rasisme er nedbrytande og menneskefiendtleg og har vore årsak til store sosiale problem og endelaus liding, både i USA og i andre land. Slik sett bør me absolutt lese både Onkel Toms

Mange av lærebøkene i bruk i språk- og litteraturfag i vidaregåande skule har ein underliggjande agenda som skal promoterast også ved hjelp av litteratur.



hytte og anna litteratur om dette. Men me gjer vel i å setje desse hjarte-sakene inn i ein større samanheng og ikkje minst kanskje supplere med vår tids blindfelt i etikken. For å nemne to brennbare tema: Når får me ei novelle om abortproblematikken? Kvar finn me litteratur som tek opp livet i Sør-Afrika etter apartheid? Begge deler finst, men kanskje ikkje i pensumlitteraturen enno.

Dessutan hender det litteraturen blir brukt for viktigare føremål enn seg sjølv. Det var i si tid hovedkritikken mot den kristne litteraturen. No bør kanskje den diskusjonen flyttast over på anna mark: til dei mest aktuelle tema som sekularismen og humanismen er opptekne av. Litteratur må få stå på egne bein. Difor må ikkje tru-fag-arbeidet overbruke sine utval. *Lord of the Flies* må lesast og tolkast på sine egne premiss og ikkje primært illustrere eit menneskesyn me kan kjenne oss att i.

Litteratur må få stå på egne bein.



MENNESKESYN OG SAMFUNNSSYN SOM BRENNPUNKT

Menneskesyn og samfunnssyn vil altså vere to brennpunkt i vår aktuelle roman. Kven er mennesket? Er det godt eller vondt – eller kanskje ei blanding? Ralph illustrerer eit godt menneske i utvikling, med begrensingar, men mest med potensial. Jack viser korleis maktbehov utan kontroll kan rasere og øydeleggje både andre menneske og naturen. Piggy viser at intelligens utan mot kan vere hjelpeløs i møte med destruksjon. For å sitere den irske poeten W.B. Yeats (1865–1939) i diktet *The Second Coming*:⁴

Mere anarchy is loosed upon the world,
the blood-dimmed tide is loosed, and everywhere
the ceremony of innocence is drowned;
the best lack all conviction, while the worst
are full of passionate intensity

Men Simon, den gode, finst og. Livskraftene har og sin representant i dette universet.

Det er viktig at elevane ikkje berre får filosofiske problemstillingar

Det er viktig at elevane ikkje berre får filosofiske problemstillingar skisserte, men også får ei eksistensiell oppleving av ei medrivande verd.

skisserte, men også får ei eksistensiell oppleving av ei medrivande verd. Dette er sjølve grunngevinga for litteraturarbeidet. Romanar og anna litteratur gjer dette i større eller mindre grad, sjølv sagt. Det er eit svært viktig utvalskriterium at litteraturen appellerer til kjensler og røynsler. Golding si bok gjer dette ved å teikne ei tropeøy med yrande liv i sjø og på land, men og ved å etablere den metafysiske røyndomen nær: Gutefantasia responderer på alle lyder, lukter, synsinntrykk, og sansar både det som klart finst, og det som kanskje er der, under overflata. Fordi Golding i så stor grad utnyttar barn sitt potensial til å forestille seg fenomen, er det lett for lesaren å skjønne at det vonde og den vonde kan vere ein realitet, ikkje minst i paradiset.

Ei drøfting av menneskesyn og røyndomsoppfatning i denne boka kan gjerne kontrasterast med alternative, ja, motsette synspunkt. Poeten William Wordsworth (1770–1850) var svært viktig i den engelske romantiske perioden rundt 1800. Rett nok gjekk han og gjennom ei utvikling frå naturoptimisme til ei noko meir reservert forståing av kva naturen kan gje, og korleis einskildmennesket kan ta imot dette, men i mange av sine verk uttrykkjer han ei lysande von om korleis det naturnære mennesket – og ikkje minst barnet – finn sanning, meining, ja, til og med Gud. I Wordsworth sitt dikt *We Are Seven* er den vesle jenta som sit med sine måltid og sitt handarbeid nær gravene til sine to sysken, eit døme på det uskuldige, overgjevne, trussikre mennesket som har brote ned veggen mellom den synlege og den usynlege røyndomen. Her er eit førebilete for den vaksne, tvilande, kompliserte vandraren.




SAMSPEL MELLOM LITTERATUREN OG DEN DAGSAKTUELLE SITUASJONEN

Klassen min skulle altså lese *Lord of the Flies* like etter 22. juli-hendingane. Godt vaksne kunne synast at samfunnet var gjennomsyra av drøftingar av det som hadde skjedd. Kanskje medieinteressa for alle sider ved saka nærast vart ei belastning. Eg er likevel ikkje sikker på at tilhøyrarar

og sjåarar i skulen si målgruppe opplevde at dei hadde fått gjennomdrøfta saka på same vis som dei litt eldre. I alle fall vart det svært viktig for oss å gå inn og ut av litteraturen og dei faktiske hendingane medan me las. I dette tilfellet trur eg ei slik bok kan fungere terapeutisk ved at me fekk ein roleg og reflekterande samtale om mange aspekt både ved Utøya-hendingane og ved boka, ikkje minst grunnleggjande det vanskelegaste: Kvifor tillet Gud at noko slikt skjer? Kva motiverer eit menneske til slike handlingar? Finst kvalifisert ondskap i einskildmenneske? Kva rolle skal eit samfunn og ein sivilisasjon spele for å hindre utfolding av ondskap? Betyr dette at born og ungdommar faktisk har potensial i seg til å drepe?

Litteraturen kan vere eit godt utgangspunkt for refleksjon over eksistensielle spørsmål.



DET UNIKE I EIN KRISTEN SKULE

Er desse spørsmåla fullstendig unike for klasserom på kristne skular? Mest sannsynleg ikkje. Liknande samtalar har nok funne stad også på offentlege skular. Men det som truleg er unikt for oss, er dei svara me kan gje, også som fellesskap på ein kristen skule: Det finst openberring i Guds ord, ikkje berre om det gode, men også om ondskap. Nokre gonger må det seiast så grafisk som mogleg for at det skal vere saks-svarande. Og mykje av det andre me arbeider med i undervisning og forkynning, får fulltonande meaning berre mot det mørke bakteppet. Difor er det viktig at den som drøftar ei bok som *Lord of the Flies*, kan bruke andre delar av Guds store forteljing slik at det blir relevant og aktuelt stoff. Ein slik samtale kan ikkje forserast fram, elevane må ikkje overfallast med slike sanningar, men litteratur kan skape ein naturleg situasjon for å utforske og tileigne seg desse sanningane. Dette er noko av den djupe meininga med tru-fag-arbeid.

LITTERATUR

Collie, Joanne og Slater, Stephen: *Literature in the Language Classroom*. Cambridge: Cambridge University Press, 1987.

Golding, William: *Lord of the Flies*. UK: Faber and Faber, 1954.

Havel, Václav: «Interview with Jiri Lederer: 'It Always Makes Sense to Tell the Truth'» – i *Open Letters*, s. 94–95. London: Faber and Faber, 1991.

Lowman, Pete: *Gateways to God*. UK: Christian Focus Publications, 2001.

Lowman, Pete: *A Long Way East of Eden*. UK: Paternoster Press, 2002.

Nesse, Stig: «Om litteraturredaktikk i kristent perspektiv» – artikkel brukt på samling i *Forum for didaktikk i kristent perspektiv*, NLA Lærershøgskolen, 2007.

Pedersen, Carsten Hjorth: *Fagsyn på kristne skoler. Et oplæg til debat*. Hedensted: Kristent Pædagogisk Forlag, 2012.

Sire, James W.: *How to Read Slowly*. Illinois: InterVarsity Press, 1978.

Sire, James W.: *Discipleship of the Mind*. Illinois: InterVarsity Press, 1990.

Smith, David I.: *Does God dwell in the detail? The daily grind of Christian teaching* – lecture delivered at Calvin College, Grand Rapids, USA, 2001.

Van Brummelen, Harro: *Walking with God in the Classroom*. Seattle, Washington: Alta Vista College Press, 1988.

Yeats, W.B.: *The Second Coming*, 1919 – sitert på nettsida <http://www.potw.org/archive/potw351.html> (lasta ned 25.02.2013).

SLUTTNOTAR

1. William Goldings roman *Lord of the Flies* kom første gong ut i 1954. På norsk *Fluenes herre*, Gyldendal 1999. I 1983 fekk Golding Nobelprisen i litteratur for romanane sine.
2. Jean-Jacques Rousseau (1712–1778) var ein fransk-sveitsisk forfatter og politisk filosof.
3. Havel 1991.
4. Yeats 1919.

BILETE

Forsideillustrasjon: OpenClipart (Creative Commons CC0 1.0 Universal (CC0 1.0) Fristatus-erklæring)

Side 3: Ukjent opphav / CC BY-SA 3.0 NL (<https://creativecommons.org/licenses/by-sa/3.0/nl/deed.en>)

Side 4: Eliott Reyna på Unsplash

Side 5 øverst: John Hain på Pixabay

Side 5 nederst: M.W. på Pixabay

Side 6 øverst: Clker-Free-Vector-Images på Pixabay

Side 6 nederst: Maria Oswald på Unsplash

Side 7: Pixabay

Side 8: Mystic Art Design på Pixabay

Side 9: Pixabay

Side 12: Marie Nygård



OM FORFATTAREN

Halldis Pollen (f. 1951) har vore lektor ved Danielsen vidaregående skole, Kristen vidaregående skole Trøndelag (KVT) og Sygna vidaregående skule. Ho har også undervist ved Vytautas Magnus University i Litauen og jobba med studentarbeid i International Fellowship of Evangelical Students (IFES). Ho har hovudfag i engelsk.